

Referat frå årsmøte i Aardalens Venner

Stad: Hammersvik
Dato: 10. mars 2013
Tid: kl. 18.00 – 19.30

Frammøtte: Doris og Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Atle Nøstdal, Unni og Terje Hovden (6).

Jan Hammersvik ynskte velkomen til årsmøtet.

Saker handsama på årsmøtet:

1. Godkjenning av innkallinga til årsmøtet

Ingen merknader, samrøystes godkjent.

2. Val av ordstyrar og skrivar

Jan ordstyrar, Terje skrivar. Samrøystes.

3. Godkjenning av årsmelding frå styret

Terje las årsmeldinga. Ein feil vart korrigert. Samrøystes godkjent.

4. Godkjenning av revidert rekneskap for 2012

Terje las opp revisjonsmeldinga, og gjekk deretter gjennom resultatrekneskapen. Utgiftene i 2012 var kr 4 522,- større enn inntektene. Totale inntekter kr 65 955,-, totale utgifter kr 70 477,-.

Behaldning pr. 31.12.2011 kr 41 034,39.

Rekneskapen vart samrøystes godkjent.

5. Budsjett / kontingent / arbeidsprogram

Det er ikkje sett opp budsjett for 2012.

Kontingent:

Uendra både for einskildmedlemmar (kr 100,-), familie (kr 200,-) og firma (kr 500,-)

Planlagde aktivitetar 2012:

- Kle øvre vegg på våningshuset og setje inn ny dør
- Eitt strøk til med måling på yttervegger
- Utføring av vindauge i våningshuset (inne)
- Skifte vindauger i geitefjosen
- Skjøtsel av innmark (jf. skjøtselsavtale)

Samrøystes.

6. Innkome saker

Ingen innkome saker.

7. Val av styremedlemmar

Unni la fram framlegg frå valnemnda. Alle som var på val tok attval, og styret blir då slik for 2012:

Jan Hammersvik	-	ikkje på val	(1 år)
Kaare Aardal	-	attval	(2 år)
Terje Hovden	-	attval	(2 år)
Per Arne Berge	-	attval	(2 år)
Atle Nøstdal	-	ikkje på val	(1 år)

Varamedlemmar:

Dag Hamre	-	attval	(2 år)
Anne Grete Kleppe	-	ikkje på val	(1 år)
Magnar Drageseth	-	ikkje på val	(1 år)

8. Val av revisorar

Inge Bakke	-	attval	(1 år)
Håkon Berstad	-	attval	(1 år)

9. Val av valnemnd

Doris Hammersvik	-	attval	(2 år)
Unni Eltvik Hovden	-	attval	(2 år)
Sylvi Olsson	-	ikkje på val	(1 år)

10. Eventuelt

Ikkje noko teke opp på eventuelt.

Møtet slutt kl. 19.30.

Terje Hovden
referent